



Anita Lie, her med bestehunden under utstillingaa tidlegare i år, har vore ein av dei fremste pådrivarane for NM-satsinga.

Det stillar 28 topphundar i bandhund-NM frå 6. til 8. august og 2 av dei er frå Kvinnherad: Svarthunden Milja til Tore Storhaug og Hero av Bjønnsteg til Arne Hansen. Meisterskapen er for elghundar og det vert stilt omtrent like mange svarte som grå - og også ein kvit. Storhaug har sigra før - det var i 2009. Kvar av ekvipasjane vert tildelt 3000-6000 mål samt ein dommar og ein kjentmann. Jegarar og hundefolk er hyrt inn og det heile startar torsdag kveld med trekking av

terreng, Fredag og laurdag går så sjølve konkurransen med start klokka 6 om morgonen, Då er det lettare å finna dyr.

5 kriteriar vert vurdert av doimmarane, det er oppførsel, evne til å finna hjort, korleis hunden snik seg inn på dyret, oppførselen ved synet av dyret og sporing. Arrangørane peikar på at det sikkert vil bli ei krevjande oppgåve samanlikna med ei tevling på Austlandet på grunn av ein meir krevjande topografi..

Helgheim er hovudbase og der vert det servert frukost, middag og festmiddag for 100 laurdag kveld. Innkvarteringen skjer i stor grad på Rabben og andre stader i Uskedalen. Premieutdelingen går føre seg på stemneplassen laurdag kveld.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen